



Arkivnr: 2014/474-2

Saksbehandlar: Terje Inderhaug

Saksframlegg**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.04.2014

Status for utført EU prosjekt og framlegg til eit nytt nasjonalt Economusee prosjekt 2014-2016**Samandrag**

Fylkesrådmannen legg med dette fram statusmelding for prosjektet Craft International/Economusee og sak om søknad til KMD om eit nasjonalt Economusee prosjekt.

Bakgrunn og status

Craft International/Economusee var eit EU finansiert samarbeidsprosjekt mellom regionar i Noreg, Irland, Nord-Irland, Færøyane, Island, Grønland, Sverige og Canada, der Hordaland fylkeskommune har vore leiande partner. Resultat frå Craft International vart 3 nye Economusee i Hordaland, dvs. Tønnegarden i Fusa, Syse fruktgard i Ulvik og Hillesvåg Ullvarefabrikk i Lindås, og 2 nye i Rogaland Ledaal og Ullform i Stavanger. Målalet for EU prosjektet på 5 nye Economusee i Hordaland/ Vestlandet og på 23 til saman i Nord-atlanteren vart difor oppnådd i prosjektperioden.

Det første EU prosjektet i perioden 2008-11 fekk på plass 5 Economusee i Hordaland/Aurland, slik at ein i dag har eit nettverk på 10 opplevingsbedrifter på Vestlandet. Economusee vert nye reiselivsattraksjonar i sine lokalsamfunn i nært samarbeid med næringsaktørar, organisasjonar og NCE turisme.

Prosjektpartnarskapen skulle og finne moglege løysingar for framtidig internasjonalt samarbeid om Economusee og nettverksorganisering i Nord-atlanteren. EU prosjektet er no avslutta med gode resultat, men den vidare utvikling av konsept, nettverk og organisering er ikkje endeleg avklara. EU prosjektet si sluttrapportering vert over sendt EU sitt NPP programsekretariat 1.juli 2014.

Vidare framdrift

Det er skapt stor interesse for vidare utvikling av Economusee både i Hordaland og i andre fylkeskommunar. Det er mange aktørar, fylkeskommunar, kommunar og handverksbedrifter som vil vere med på ei vidare utvikling av Economusee nasjonalt og delta i eit internasjonalt samarbeide. Ei vidare utvikling av konsept og nettverk bør difor skje i eit nasjonalt samarbeid og med statleg finansiering. Ut frå etablert kompetanse i Hordaland fylkeskommune kan dette gjerast med fylkeskommunalt prosjektansvar og styring, men med ei ekstern prosjektleiing. Det er laga eit utkast til ein nasjonal søknad frå Hordaland fylkeskommune om eit tilskott frå Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) på kr. 4 mill. for eit to-årsprosjekt. Målet er 8 nye Economusee i ulike landsdelar i Noreg, oppfølging av nettverket og etablering av ein permanent medlemsorganisasjon basert på statlege driftsmidlar. Fylkeskommunal medverknad i et nasjonalt prosjekt er knytt til administrativ eigeninnsats som ikkje vil føre til budsjettmessige endringar eller løyvingar.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tek statusmelding for EU prosjektet Craft International/Economusee til orientering
2. Fylkesutvalet godkjenner at det vert sendt inn ein søknad til KMD om eit nasjonalt Economusee prosjekt.
3. Under føresetnad av eit positivt vedtak frå KMD, tek Hordaland fylkeskommune på seg prosjektansvaret for eit nasjonalt Economusee utviklingsprosjektet.
4. Hordaland fylkeskommune sin økonomiske medverknad i det nasjonale Economusee prosjektet er knytt til ein eigeninnsats tilsvarande inntil 50% stilling.
5. Prosjektleiinga vert lagt ut til ekstern samarbeidspart på grunnlag av avtale med Hordaland fylkeskommune.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.04.2014

Bakgrunn og føremål

Fylkesrådmannen legg med dette fram ei orientering om status for EU prosjektet Craft International og sak om godkjenning av ein nasjonal søknad og prosjektansvar for eit eventuelt nasjonalt Economusee utviklingsprosjekt.

Economusee konseptet og nettverket har blitt utvikla gjennom 2 tidlegare utførte EU prosjekt sidan 2008. Det kan visast til gode resultat og ei aukande interesse frå handverksbedrifter, kommunar og organisasjonar om å ta del i utviklinga av konseptet over store delar av landet

Craft International/Economusee med start i 2008 var eit EU finansierte samarbeidsprosjekt mellom regionar i Noreg, Irland, Nord-Irland, Færøyane, Island, Grønland og Canada, der Hordaland fylkeskommune var leiande partnar. Economusee er eit godt utprøvd konsept frå Canada. Det er ikkje eit museum, men ei levande handverksverksemid som både produserer tradisjonelle og nyskapande handverksprodukt og legg til rette for formidling og opplevingar. Handverkstradisjonane og historiske samanhengar vert gjort tilgjengelege for besøkande.

Handverkarane vert aktive forvaltarar og formidlarar av immateriell kulturarv, og handverk vert vidareført og berekraftig uavhengig av offentlege tilskot.

Det andre EU prosjektet Craft International/Economusee hadde som mål å etablere 23 nye Economusee i det nord-atlantiske område innan år 2014, av desse 5 nye i Hordaland og på Vestlandet. Samstundes skulle ein på Vestlandet vidareutvikle og marknadsføre dei 5 eksisterande Economusee frå første prosjekt-periode. Dessutan skulle partnarskapen prøve å finne moglege løysingar for framtidig internasjonalt Economuseesamarbeide og nettverksorganisering i Nord-atlanteren. Craft International/Economusee vart godkjent i fylkesutvalssak 187/10 og av EU programmet sin PMC-Programme Monitoring Committee den 7 juni 2011, med formell prosjekt opp start frå 1.juli 2011. Den internasjonale styringsgruppa vart leia av tidlegare fylkesutvalsmedlem Helge-Andre Njaastad fram til avslutninga 31.mars 2014.

Resultat frå EU prosjektet

Resultat frå Craft International er per i dag 3 nye Economusee i Hordaland. Dette er Tønnegarden i Fusa, Syse fruktgard i Ulvik og Hillevåg Ullvarefabrikk i Lindås. Tørrfiskens Hus på Bryggen vert utvikla som eit midlertidig tiltak knytt til Tracteuren restaurant, og vert finansiert av Bergen kommune. Dessutan vart det etablert 2 nye Economusee i Stavanger. Dette er Ullform og Ledaal Teppeveveri som er lokalisert i same bygning og driv innan mykje dei same handverksområda. Måltaket på 5 nye Economusee i Hordaland/Vestlandet og på 23 nye til saman i Nord-atlanteren vart difor oppnådd i prosjektperioden. Sluttrapporteringa frå EU prosjektet vert utarbeidd av partnarskapen og over sendt til EU innan fristen som er sett til 1. juli 2014.

Økonomi.

Prosjektet Craft International/Economusee vart godkjent for finansiering over budsjettet til Interreg IV-programmet Nordlig Periferi Programområdet (NPP) den 9.juni 2011. Det vart då godkjent eit samla prosjektbudsjett for Craft International på EUR 1 717 657 eller om lag kr. 14 mill.

Prosjektbudsjettet er blitt tilpassa vedtak som er gjort av Programme Monitoring Comittee (PMC), og vilkåra knytt til administrasjon er gjort ved at ansvar for dei ulike arbeidspakkane er blitt fordelt mellom partnarane.

PMC gav Craft International eit tilskot på inntil EUR 888 398,8/NOK 7 150 000 til gjennomføring av prosjektet. Av desse var EUR 168 667/NOK 1 350 000 til Hordaland fylkeskommune. Anna prosjekt finansiering vart henta inn frå eigne midlar, eigeninnsats, kommunar og fylkeskommunar og ulike samarbeidspartar. Sluttrapporteringa og prosjektrekneskapen vert endeleg avklåra med EU i løpet av hausten 2014.

Praktiske gjennomføring av prosjektet Craft International Economusee

For å bli tatt inn i Economusee nettverket må ei handverksverksemde søkje sin lokale prosjektkoordinator om opptak. Opptak finn stad etter ein grundig utvalsprosess og vert godkjent av Project Steering Group (PSG), det internasjonale prosjektstyret. EU prosjektet bidreg med fagleg assistanse frå historikar, designar og arkitekt for tilrettelegging av bygg og innhald/utstilling. Gjennom EU prosjekta får medlemmane hjelp til utgreiingar, rådgjeving og rettleiing, design, produksjon og oppsetting av utstillingar og bedriftsutviklingstiltak som til dømes marknadsføring. EU prosjektet skapar og arenaer for utveksling av kompetanse og møteplassar mellom bedriftene i nettverket. Det første internasjonale bedriftsmøtet vart halden i Quebec i mai 2012.

Verksemndene må sjølv søkje om å bli med i nettverket etter formelle vedtak i verksemda sine eigne organ. Naudsynte investeringar i ombygging og tilrettelegging samt driftskostnader er verksemda sitt eige ansvar. Bedriftene må sjølv søke aktuelle støtteordningar og offentlege godkjenningar som til dømes byggeløyve. Deltaking i nettverket medfører ingen form for driftsstøtte eller anna økonomisk støtte til drifta. Dette er dette som er kjernen i Economuseé-konseptet:

Bedriftene skal ta vare på kulturarven dei representerer gjennom si eiga økonomisk lønsame drift, det vil seie gjennom sal av produkt og kulturhistoriske formidlingsaktivitet. Eller som utrykt ved ein engelsk spissformulering: "An Economuseum is a heritage that earns its keep."

EU prosjektet har hjelpe til med ulike marknadsføringstiltak i tråd med aktivitetsplanane, mellom anna er det laga ei fellesbrosyre for dei norske bedriftene og det er og utvikla ei eiga webside for sal av produktet for alle bedriftene i Canada og Nord-Europa. Economusee vart og eit pilotprosjekt for kompetanseutvikling på kulturformidlingsfeltet i regi av Norwegian Centre of Expertice (NCE) for reiseliv på vestlandet.

Det var eit ønskje frå dei internasjonale partnarane om meir tid til avslutninga av EU prosjektet . Prosjektet sitt partnarskap fikk difor ei 3-månaders utsetjing av prosjektet til 31.mars 2014.

Det har vore jamlege møte, til saman 7 stk., i den internasjonale styringsgruppa , som vart leia av Helge A. Njaastad. I styringsgruppa sit prosjektleiinga tilknytt prosjektet i alle landa. Det vert rapportert om framdrift gjennom aktivitetsrapporter, evalueringar, økonomistyringsrutinar og revisorkontrollert rekneskap for kvart halvår som vert sendt til EU sitt programsekretariat for godkjenning og utbetalingar av EU tilskott. Det siste styringsgruppemøtet vart halden i Bergen 25. mars 2014. Den internasjonale partnarskapen er godt nøgd med prosjektgjennomføringa og med leiande partner si rolle og gjennomføring. Dei norske Economusee synes godt fornøgd med prosessen og endringane dei har vore gjennom og den nye statusen dei har blitt tilført.

Grunnlag for eit nasjonalt Economusee prosjekt

Det er mange handverksbedrifter som i seinare tid har sendt skriv til fylkeskommunen om å få bli med på Economusee i Hordaland. Vidare har prosjektleiinga fått mange førespurnader frå bedrifter, fylkeskommunar og kommunar frå andre delar av landet om å få vere med i prosjektet. Prosjektet har hatt problem med å strekke seg ut over måltallet som er sett i prosjektet på 5 Economusee , og ein har heller ikkje hatt moglegheit til å strekkje prosjektet geografisk utover eige fylke eller utanfor EU sitt godkjente programområde for nordleg periferi, som i sør stoppar ved grensa til Vest Agder.

Det eksisterande Economusee nettverket ønskjer at dei får behalde ein eller annan form for støtteorganisasjon rundt seg i ei tid framover. Det er difor ein del forventningar frå mange hald til at prosjektet vert vidareført. Det gjeld eksisterande bedrifter som har investert mykje eigne ressursar i nye lokale og nettverksdeltaking, og bedrifter som sit på vent for å vere med vidare. Handverksbedriftene vert ofte til kultur- og reiselivsattraksjonar der dei vert etablerte, og ein styrke for lokalsamfunnet. Difor er det mange kommunar som er interesserte i eit samarbeid både med prosjektet og med eigne handverksbedrifter for å realisere nye Economusee.

Søknad om nasjonalt Economusee prosjekt

Det er på denne bakgrunn blitt utvikla eit utkast til nasjonalt Economusee prosjekt ved Næringsseksjonen. Dette vart presentert for Statsråd Samner i KMD i eit møte 5. mars i år. Tilbakemeldinga frå statsråden var at fylkeskommunen var velkommen til å sende inn ein søknad om eit slikt nasjonalt prosjekt til departementet.

Det nasjonale ÉCONOMUSÉE prosjektet i Noreg har som hovudmål å skape 8 nye ÉCONOMUSÉE i samarbeidsfylka. Det nasjonale prosjektet vil støtte oppunder fagleg utvikling, involvere lokalsamfunna ved å samarbeide med kommune, opplevingsnæringane og pakking for reiseliv.

Det vert med denne søknaden lagt til rette for ei vidare nasjonal utvikling av både konsept og nettverk for å utveksle kunnskap og sikre overføringsverdiar til distriktsnoreg etter avslutta EU-prosjekt. Både lokalsamfunn og turistnæring har no byrja å få verdiskapingseffektar og statusmessig nytte av ÉCONOMUSÉE på dei stadane og bygdene der dei er etablerte, og interessa for konseptet er stadfesta av mange samarbeidsfylke.

Til no har ÉCONOMUSA vore drifta gjennom Hordaland fylkeskommune. Ein hovudstrategi for det vidare arbeidet vert å opprette og utvikle ein organisasjonsform, til dømes som ein medlemsorganisasjon som kan ta over vidare nyskaping og drift av nettverket i Noreg. Vi har dei siste sju åra samarbeidd med partnarar i den nordatlantiske regionen, og vil òg bruke åra som kjem til å etablere eit formelt samarbeidsorgan med dei øvrige ÉCONOMUSÉE-organisasjonane i Canada, Grønland, Færøyane, Island, Irland, Nord-Irland og Sverige.

Prosjektmål for det nasjonale prosjektet

1. Etablere ein felles prosjektorganisasjon, med finansiering og støttefunksjonar for eit nasjonalt ÉCONOMUSÉE -prosjekt.
2. Skape og etablere 8 nye ÉCONOMUSÉE i Noreg
3. Styrke ÉCONOMUSÉE-nettverket i Noreg og dei nordatlantiske partnarlanda . Utvikle god synergি med ulike opplevelingstilbod lokalt, mellom anna ved å samarbeide om opplevingspakker for reiseliv.
4. Finne berekraftige løysingar for ein framtidig utviklings- og medlemsorganisasjon for ÉCONOMUSÉE i Noreg og eventuelt for våre nordatlantiske samarbeidspartnarar.
5. Skape auka aktivitet og sysselsetting i distriktsnoreg.

Prosjektorganisering

Styringsgruppe: Representantar frå fylkeskommunar. Fylkeskommunane vel nasjonal politisk leiar for styringsgruppa. Ein representant for bedriftene i nettverket. Det vert vurdert å inkludere representantar frå organisasjonar som NCE reiseliv, Birkা og NKA-Norsk Kulturarv. Eventuelt andre samarbeidspartar vert avklåra mellom fylkeskommunane før start. Styringsgruppa vel ut kandidatverksemد/vertskommunar m.m.

Prosjektansvarleg: Hordaland fylkeskommune .

Prosjektleiing: Prosjektleiing, fagleg arbeid og administrering av prosjekt blir lagt til ekstern organisasjon etter nærmare avtale med Hordaland fylkeskommune.

Nordisk og nordatlantisk referansegruppe: Partnarskapen for Craft International , dvs. organisasjonar frå Færøyane, Island, Grønland, Sverige, Canada, Irland og Nord-Irland, ønskjer at Noreg følgjer opp det internasjonale nettverksamarbeidet. Desse samarbeidspartane vil finne lokale midlar for å drifte eigen verksemد i landa, men det internasjonale informasjons - og kontaktsamarbeidet ønskjer ein utførd av norsk partner. Internasjonalt samarbeid er av stor fagleg verdi og gir status, kompetanse og auka merksemد for dei lokalsamfunna og verksemdeiene som blir

med i det nasjonale KMD-prosjektet. Ein har allereie etablert ei felles webside, facebook side og websal side for det nordatlantiske ÉCONOMUSÉE nettverket. Denne vert drifta av Sverige.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

1.juli -1.okt. 2014 Prosjekt etableringsfase.

- Etablering av prosjektorganisasjon og utnemning av politisk leiar
- Utvikling av ein strategi og HP-handlingsplan for det nasjonale ÉCONOMUSÉE-prosjektet.

Okt. 2014 Prosjekt fase 1

- Identifisering, evaluering, prioritering av deltagande verksemder, muligkeitstudiar og transformasjon av dei tre første bedrifter til å verte ÉCONOMUSÉE
- Oppfølging av dei eksisterande ÉCONOMUSÉE, kompetanseheving, pakking reiseliv og marknadsføring.
- Internasjonal kontakt, nettverkssamarbeid og marknadsføring mellom både prosjektorganisasjon, samarbeidsparter og ÉCONOMUSÉE i dei nordiske og nordatlantiske landa.
- Utvikle exit strategi - dvs. førebu ein sjølvstendig driftsfase for ein norsk, nordisk evt. nordatlantisk ÉCONOMUSÉE medlems- og utviklingsorganisasjon.
- 31. mars 2015: Evaluering av prosjektet 1 ste år, eventuelt korrigering av handlingsprogram

April 2015 Prosjektfase II

- Identifisering, evaluering, prioritering og oppstart med transformasjon av 5 nye bedrifter
- Oppfølging av eksisterande ÉCONOMUSÉE nettverk, kompetanseheving, pakking reiseliv og marknadsføring.
- Internasjonal kontakt, samarbeide og marknadsføring mellom både prosjektorganisasjon, samarbeidsparter og ÉCONOMUSÉE i dei nordiske og nordatlantiske landa.
- Okt. 2015 Etablering av ein sjølvstendig ÉCONOMUSÉE medlemsbasert utviklings- og serviceorganisasjon for Noreg og for den nordatlantiske samarbeidsregion.
- Mars 2016. Evaluering og avslutningskonferanse for det nasjonale ÉCONOMUSÉE-prosjektet
- 30 Juni 2016 Avslutning av prosjekt og rapportering

Budsjett Nasjonalt ÉCONOMUSÉE prosjekt	2014*	2015	2016*	Sum
Administrasjonskostnader, styringsgruppe, reiser	175 000	325 000	125 000	625 000
administrasjon, økonomi	100 000	300 000	150 000	550 000
Arkitekt - kjøpte tenester	100 000	200 000	50 000	350 000
Designutvikling	325 000	650 000	325 000	1300 000
Diverse	100 000	150 000	100 000	350 000
Eksperthjelp	75 000	125 000	50 000	250 000
Evaluering, avslutning og formidlingskonferanse			150 000	150 000
Historikar - etnologiske utredningar	325 000	650 000	325 000	1300 000
Kompetansehevingstiltak	25 000	100 000	50 000	175 000
Marknadsføringstiltak og informasjon	50 000	100 000	100 000	250 000
Nettverkstiltak	50 000	100 000	50 000	200 000
Prosjektleiing	375 000	750 000	375 000	1500 000
<u>Udstillingsmateriale</u>	<u>400 000</u>	<u>400 000</u>	<u>200 000</u>	<u>1000 000</u>
Sum	<u>2 100 000</u>	<u>3 850 000</u>	<u>2 050 000</u>	<u>8 000 000</u>

*kommentar: 2014 og 2016 vert eit ½ driftsår

Finansiering Nasjonalt ÉCONOMUSÉE prosjekt

	2014	2015	2016
KRD	1000 000	2000 000	1000 000
Fylkeskommunar, kommunar, andre kjelder	1000 000	2000 000	1000 000
sum	2000 000	4000 000	2000 000
			4 000 000
			4 000 000
			8 000 000

Tilråding

Hordaland fylkeskommune sin del av kostnadane vert knytt til tal på nye Economusee i fylket. Dersom ein føreset 2 av 8 nye Economusee til Hordaland, vil fylkeskommunen sin del av dei totale prosjektkostnadane på til saman 8 mill. difor verte kr. 2 mill over prosjektperioden på to år. Desse kostnadane vert delt mellom fylkeskommune og KMD med kr.1 mill. kvar, men der fylkeskommunen sin del skal dekkast via 50% eigeninnsats frå utleigd prosjektleiar saman med tilskott frå dei aktuelle vertskommunar for dei nye Economusee.

Meir detaljert så kan dette forklarast slik at 50% prosjektleiar over 2 år er omrekna til ca. kr.750 000 i eigeninnsats, og der tilskott på kr.125 000 frå kvar av dei to kommunane som vil vere med på å realisere Economusee i sitt lokalsamfunn vert kr.250 000. Dette gir oss kr. 1 mill. i regional med finansiering for 2 nye Economusee i Hordaland i løpet av prosjektperioden på to år.

Fylkesrådmannen vil på dette grunnlag tilrå ein nasjonal Economusee søknad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).